

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
013/17	Førebuande fellesnemnd - ny kommune	PS	20.03.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	16/3602

Etablering av politiske komitar

Framlegg til vedtak:

1. Førebels fellesnemnd oppnemner følgjande komitèar til vidare arbeid med kommunesamanslåinga.
 - a. Komité for val av namn
 - b. Komité for markering av merkedagar, identitetsbygging og aktiviteter for å bli-kjent i eigen kommune.
 - c. Komite for utarbeideiding av forslag til politisk reglement, delegasjonsreglement, godtgjerdslereglement og reglement for klagenemnd
 - d. Komité for val av kommunevåpen og ordførarkjede
2. Mandat og medlemmer vert vedteke i samband med behandling av styringsdokumentet for prosjektet. Unntatt frå dette er komité a som vert vedteke i eigen sak.

Førebuande fellesnemnd - ny kommune - 013/17

FELLES - behandling:

Leiar av førebuande fellesnemnd, Øyvind Oddekalv, fremja følgjande framlegg: «Til neste møte i førebuande fellesnemnd vert det lagt fram ein sak om oppretting av ein valnemnd.» som nytt punkt tre.

Framlegget vart samråystes vedteke.

FELLES - vedtak:

1. Førebels fellesnemnd utnemner følgjande komitear til vidare arbeid med kommunesamanslåinga.
 - a. Komité for val av namn

- b. Komité for markering av merkedagar, identitetsbygging og aktiviteter for å bli kjent i eigen kommune.
 - c. Komité for utarbeiding av forslag til politisk reglement, delegasjonsreglement, godtgjerdingsreglement og reglement for klagenemnd
 - d. Komité for val av kommunevåpen og ordførarkjede
2. Mandat og medlemmer vert vedteke i samband med behandling av styringsdokumentet for prosjektet. Unntatt frå dette er komité a som vert vedteke i eigen sak.
 3. Til neste møte i førebuande fellesnemnd vert det lagt fram ein sak om oppretting av ein valnemnd.

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

På seminar med førebels fellesnemnd vart det diskutert kva politiske komitear som burde oppretta i samband med etableringa av den nye kommunen. Basert på diskusjonane i seminaret oppfatta prosjektleiar at førebels fellesnemnd ønskte ei sak som sumrar opp forslaga til tema som burde dekkast gjennom etablering av ulike politiske komitear, og ei vurdering av når desse bør etablerast.

Saksutredning:

I samband med gruppearbeid under seminar i førebels fellesnemnd kom det 21 innspel om tema og konkrete forslag til politiske komitear.

Basert på gjennomgangen av forslaga er det fleire tema som høyrer naturleg inn i same komité. Nokre komitear blir foreslått etablert gjennom andre saker i denne møterunden. Følgjande politiske komitear/forslag til tema vart identifisert gjennom arbeidet på seminaret. I parentes står det når komiteane vart foreslått oppretta. Rekkefølgja er tilfeldig:

1. Namnekomité
2. Tilsetjingsutval
3. Felles identitetsbygging
4. Bli kjent i den nye kommunen
5. Strategigruppe
6. Involvera innbyggjarar og næring
7. Næring
8. Miljø
9. Samferdsel / infrastruktur
10. Plangruppe
11. Økonomi og HR
12. Oppvekst
13. Helse / omsorg
14. PLO
15. Eigarskapsmelding (2017)
16. Politisk reglement / delegasjon (haust 2017-2018)

17. Godtgjerdslereglement (haust 2017-2018-2019)
18. Informasjon og involveringsutval (hausten 2017)
19. Felles planstrategi, samferdselsdel (haust 2017)
20. Kommunevåpen + ordførarkjede + visjon og verdi (haust 2017-2019)
21. Reglement klagenemnd (2019)

I tillegg til desse komiteane seier mandatet for førebels fellesnemnd at:

- Fellesnemnda får i oppdrag å vurdera endeleg utvalstruktur, ansvar og oppgåver
- Utarbeida eit delegasjonsreglement

Å organisera arbeidet gjennom ulike politiske komitear er truleg ein effektiv og trygg metode for å sikra brei involvering og eigarskap til både prosess og i høve til dei vala som skal takast fram til ny kommune vert etablert. Arbeid gjennom politiske komitear opnar for at fleire politikarar enn dei som er i førebels fellesnemnd/fellesnemnd, kan bli engasjert i å etablera den nye kommunen. Samtidig er det neppe realistisk eller nyttig å oppretta eit så stort tal komitear som vart foreslått. Komitéarbeidet kjem i tillegg til politisk arbeid i fellesnemnd, kommunestyre og andre råd og utval. Eit stort tal politiske komitear kan gje slitasje på dei politikarane som blir involvert mest. Komitéarbeidet krev og administrativ støtte til m.a. sekretærfunksjon og førebuing av saker til nemnda. Førebels fellesnemnd bør derfor drøfta og prioritera kva oppgåver den skal engasjera seg i. Det kan og synast behov for å opprette andre eller fleire komitear etter kvart som arbeidet skrid fram.

Det viktigaste førebels fellesnemnd må gjera på kort sikt, er å finna namn på den nye kommunen. Det må vera avklart før § 25-møtet. Eiga sak i denne møterunden foreslår prosess for å etablira nytt kommunenamn (pkt. 1).

Prosess for tilsetting av prosjektleiar kjem også som eiga sak i denne møterunden (pkt. 2). Det anbefalast i den saka at rådmennene i dei tre kommunane får i oppdrag å gjennomføra ein anbodsprosess for å leige inn prosjektleiar for kommunesamanslåinga for perioden august 2017- 2020, mens formell fellesnemnd hausten 2017 skal setja i gong ein tilsettingsprosess for å tilsetja ein prosjektansvarleg i prosjektperioden fram til 31.12.2019, som og skal vera rådmann i den nye kommunen frå 01.01.2020. Å leige inn prosjektleiar blir såleis ein oppgåve for administrasjonen, og ikkje løyst ved ein politisk komité. Dette til orientering.

Ei eiga sak i denne møterunden foreslår ein komité for å planleggja og gjennomføra markering av merkedagar. Førebels fellesnemnd bør også vurdera om denne komiteen skal få ansvar for felles identitetsbygging (pkt. 3), «Bli kjent»-tiltak (pkt. 4) og informasjons- og involveringsarbeid (pkt. 6 og 18). Dei to siste punkta kan det vera naturleg å venta med til kommunikasjonsansvarleg er kome på plass og har fått utarbeidd og vedteke ein kommunikasjonsplan.

Politisk reglement, delegasjonsreglement, godtgjerdslereglement og reglement for klagenemnd (pkt. 16, 17 og 21, samt det eine mandatet frå dei tre kommunestyra) kan løysast av ein og same komité. Dette er reglement som trer i kraft frå kommunestyret i den nye kommunen blir konstituert i oktober 2019. Før reglementa vert vedtekne i det nye kommunestyret bør dei handsamast i fellesnemnda. Reglementa bør med andre ord vera ferdige før sommaren 2019. Denne komiteen kan også få i oppdrag å vurdera og fremja forslag til endeleg utvalstruktur, ansvar og oppgåver, slik at denne strukturen samsvarar med delegasjonsstrukturen. For å nå dette bør arbeidet tufta på erfaring startast tidleg i 2018.

Det bør vera eit mål at nytt ordførarkjede (pkt. 20) er klart til det konstituerande kommunestyremøtet i oktober 2019. Sjølv produksjonen tar 3-6 månader. Før forslaga til ordførarkjede vert teikna, må nytt kommunevåpen vera ferdig. Det er naturleg å involvera innbyggjarane i kommunane i utviklinga av nytt kommunevåpen. Dersom fellesnemnda

ønskjer å involvera innbyggjarane, må det setjast av rimeleg god tid for å få til ein god og inkluderande prosess. Ein fordel med tidleg avklaring av nytt kommunevåpen , er at det vil bli eit symbol som byggjer opp om felles identitetsbygging. Utvikling av den nye kommunen sin visjon og verdi kan gå føre seg parallelt med utviklinga av kommunevåpen og ordførarkjede.

Innan fleire av tema vil det truleg vera meir naturleg å opprette administrative arbeidsgrupper som skal kartleggja og dokumentera dagens organisering, oppgåvefordeling, kompetanse, delegering, arbeidsprosessar og -prosedyrar osb. Dette er eit vesentleg arbeid i høve til å vurdera framtidig administrativ organisering, tilvising av tilsette i nye stillingar osv. Det er viktig å merkja seg at sjølv om desse oppgåvene vert lagt til administrative arbeidsgrupper vil førebels fellesnemnd og fellesnemnda bli løypande orientert om arbeidet, og til slutt få rapportar frå arbeidsgruppene til handsaming.

Vurderingar:

Det vil vera ein styrke for den nye kommunen om fleire tiltak samordnast alt no. Samtidig må førebels fellesnemnd skilja mellom kva som er fellesnemnda- og kommunestyra sine ansvarsområde. Dersom komiteane skal koma med framlegg til tiltak og rutinar som den enkelte kommune skal følgja, må innstillinga gå frå fellesnemnda som ei oppfordring til dei tre kommunestyra.

Politiske komitear bør ha som fast rutine å gje statusrapportar til førebels fellesnemnd / fellesnemnd, samt PSU i saker der det er naturleg.

Når førebels fellesnemnd etablerer komitear, må det definerast eit mandat som avgrensar arbeidsoppgåvene og tida komiteen har til rådvelde. Det er naturleg at alle kommunane er representerte i komiteane. Det skal vera same kjønnssbalanse som til andre råd og utval. Komiteane bør ha ei tverrpolitisk breidde for å ta vare på konsensus-prinsippet. Om mogeleg bør alle partia delta i ein eller fleire komitear. Samstundes kan det vera ein fordel med så få medlemmer som mogleg i komiteane for å redusera møteslitasjen, noko som også gjer det lettare å få til møtetidspunkt.

Prosjektleiar vil som hovudprinsipp foreslå at det at det vert utnemnt to representantar frå kvar kommune. Førebels fellesnemnd bør også vurdera om det er nyttig og nødvendig med varamedlemmer i alle komiteane.

Økonomiske konsekvensar:

Det må reknast med kostnader til møtegodtgjerdslø og administrativt sekretariat. Dette bør finansierast frå eingongstøtta som vert utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Konklusjon:

Prosjektleiar meiner at førebels fellesnemnd sjølv bør prioritera kva komitear som skal etablerast, samt kva mandat og kva samansetnad komiteane bør få. I desse prioriteringane er det viktig at fellesnemnda tar omsyn til den ekstra arbeidsbelastninga som komitéarbeid medfører, og at koordineringsbehovet aukar med fleire komitear. Begge desse forholda tilseier at tal på komitear bør vurderast nøyne.